


Skomakarsonen

– ei forteljing frå Litauen





Det var ein gong ein gut som budde saman med far sin som var skomakar. Faren var ein sinnatagg og kjefta på guten heile tida. Ein dag vart faren så sint at han kasta guten ut heimanfrå.

Guten fekk berre med seg litt brød før han fór.
Han gjekk og gjekk, heilt til han kom til ein skog.
Han gjekk gjennom busker og kratt, og til slutt
vart han så sliten at han la seg ned for å kvile.






Brått såg han mange maurar som sprang rundt til alle kantar, dei kolliderte med kvarandre i kaoset. «Kva har skjedd?» tenkte guten.

«Aha!» Guten såg at det var ei murtue som var øydelagd. «Eg veit korleis det er å misse heimen sin», sa guten og kosta jorda tilbake på plass.

Så tok han ein neve med brødsmular ut av lomma og strødde det rundt til maurane.





Medan maurane åt, la guten seg ned og sovna.

Neste dag vakna guten og gjorde seg klar til å fare vidare. Då samla maurane seg rundt han og sa:

«Takk for at du var snill og grei, vi skal aldri gløyme deg. Vi lovar å kome og hjelpe deg.»

«Korleis skal *de* hjelpe meg?» sa guten smilande og tok til å gå.







Han gjekk over marker og enger, heilt til han kom til ei elv full av fiskar – gullfiskar!



Då gullfiskane såg guten, vart dei redde. Dei trudde at guten skulle fange dei og ete dei. Derfor tok dei til å symje raskt av stad. «Eg veit korleis det er å måtte forlate heimen sin», sa guten. Så tok han ein neve brødsmular ut av lomma og kasta det ned i vatnet.

Fiskane lukta brødet, snudde og sumde
raskt tilbake. Dei slost om maten og åt
grådig opp alt saman.






Guten smilte, og så la han seg ned og sovna.



Neste dag vakna guten og gjorde seg klar til å fare vidare.



Då stakk fiskane hovudet opp av vatnet og sa: «Takk for at du var snill og grei, vi skal aldri gløyme deg. Vi lovar å kome og hjelpe deg.»

«He, he, korleis skal *de* hjelpe meg?» sa guten og tok til å gå.



Han gjekk over marker og enger, heilt til han kom til eit stort tre. Då var han så sliten at han la seg ned under treet for¹å sove.

«Bzzzz», hørde han plutseleg. Han reiste seg og såg seg rundt. Over hovudet hans flaug det bier i alle retningar. «Kva har hendt?» tenkte han. «Aha!» Han la merke fleire av bikubane var tekne ut av hola sine i trea, og at bivoksen var kasta rundt omkring. «til at Eg veit korleis det er å misse heimen sin», sa guten og sette saman bola. No kunne biene samle honning og leggje egg att.





Han tok fram dei siste brødsmulane frå lomma og mata biene.



Så sovna han og sov tungt.

Neste dag sto guten opp og kjende at han var kjempesvolten. Han hadde ikkje fleire brødsmular att. «Eg må gå og finne meg noko mat», sa han. Biene samla seg og forma ein sirkel over hovudet hans og sa:

«Takk for at du var snill og grei, vi skal aldri gløyme deg. Vi lovar å kome og hjelpe deg.»

«Korleis skal *de* hjelpe meg?» sa guten og tok til å gå. Han gjekk over marker og enger, heilt til han kom til ein by.






I byen var det mange hus. Midt mellom husa var det eit slott. I midten av slottet var det eit tårn.



Det var så høgt, så høgt! Oppe i tårnet var det eit rom.



Der var det ei vakker prinsesse. Ho var låst inne, og nøkkelen var borte. Den som fann nøkkelen til rommet hennar, skulle få gifte seg med henne, hadde mor hennar sagt.



Skomakarguten ville ta sjansen. Han drog til slottet og banka på.

Mor til prinsessa opna døra. Ho hadde store øyre og nasen var krokete. På hovudet hadde ho ein svart lang hatt og mellom beina var ein sopelime. Ho var rett og slett ei heks!



«Er du her for å gifte deg med prinsessa?»
spurde hekse. «Ja», svarte skomakarguten med
skjelvande røyst. «Då må du løyse tre oppgåver»,
sa hekse. «Viss det er ei av dei du ikkje klarer,
kjem eg til å vri halsen om på deg!» «Gje meg
oppgåvene», sa skomakarguten redd.



Då tømde hekse ein haug med sand blanda med mange ørsmå valmuefrø framfor han. «Du skal skilje sanden frå valmuefrøa», sa hekse. «Viss du ikkje rekk det før solnedgang, vrir eg om halsen på deg!»




Guten sette i gang, han tok eitt og eitt av valmuefrøa ut av sanden.

Han jobba og jobba, heilt til sola tok til å gå ned.

«Det er framleis mykje att», sa guten. Han var sliten. «Eg klarer ikkje meir.

No kjem heksa til å vri om halsen på meg!»





Brått kjende han noko som kravla på fingrane hans. Det var maurane som var komne for å hjelpe han! Maurane sette i gang med å skilje valmuefrøa frå sanden. Og på ein, to, tre var jobben gjort!



Guten tok med seg bøtta med valmuefrø, fri for sand, og sprang til hekse. «No hadde du flaks!» sa hekse irritert.

Dagen etter gav heksa skomakarguten ei
endå vanskelegare oppgåve: «Nøkkelen
til prinsessa sitt rom har ramla ned i elva.
Finn han!

Viss du ikkje rekk det til i kveld, vrir eg
om halsen på deg!» sa heksa medan ho
lo høgt.







Skomakarguten gjekk til elva og tok til å leite etter nøkkelen. Men så kom han på at han ikkje kunne symje! «Kva skal eg gjere no, hekse kjem til å vri halsen om på meg», sa guten i det sola tok til å gå ned.



Brått spruta det nokre vassdropar i ansiktet hans.



Han såg ned i elva. Der var alle gullfiskane!



Dei var komne for å hjelpe han. Fiskane sumde til botnen og fann nøkkelen nedgraven i sandbotnen.




Dei gav nøkkelen til guten.



Han sprang til heksa og sa: «Eg har nøkkelen!» «No hadde du flaks», sa heksa og var endå meir irritert.

Så sette skomakarguten og heksa seg på
sopelimen til heksa og flaug opp trappa til
slottstårnet. Dei sette inn nøkkelen i
nøkkelholet og opna døra til kammerset til
prinsessa.





Dei sette inn nøkkelen i nøkkelholet og opna døra til kammerset til prinsessa. Der sat det tre kvinner dekte med lange, kvite slør. Alle såg like ut!

«Dersom du klarer å gjette kven som er prinsessa, kan du gifte deg med henne», sa heksa. «Men om du gjettar feil, vrir eg om halsen på deg!»

«Dei ser jo heilt like ut!» sa guten. «No
kjem hekse til å vri om halsen på meg!»
«Bzzzzz», hørde han plutseleg.



Han såg opp. Inn gjennom vindauget kom
biene flygande, ei etter ei, til alle saman var
komne inn.

Biene sverma rundt ei av dei tre tilslørde
kvinnene, og saman forma dei ei vakker
gullkrune over hovudet hennar.

«Det er prinsessa! Ho med gullkruna på!» sa
guten og peika på ho som hadde ein bisverm
over hovudet.








Kvinnene løfte av sløra sine, og det viste seg at guten hadde gjetta rett. «No hadde du jammen meg flaks!» sa heksa og var sint og irritert.

Heksa heldt ord og Skomakarguten fekk gifte seg med prinsessa og vart konge i landet.

Etter den dagen var det ingen sinte skomakarar eller vonde hekser som plaga dei lenger.

Snipp, snapp, snute, så var eventyret ute.





Finn flere fortellinger på

nafo.oslomet.no

Fortellingen er laget med illustrasjoner fra Svetlana Voronkova